



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
24.08.2016
Dykkar dato
01.06.2016

Vår referanse
2006/1308- 561
Dykkar referanse
200700590-18

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til søknad om auka slukeevne i Nydalselva kraftverk, Jølster kommune

Vi viser til oversendinga 23.6.2016 og til vårt høyringsinnspel i konsesjonsprosessen.

Nydalselva kraftverk søker om å få auke slukeevna frå 0,97 til 1,55 m³/s. Dette vil auke vassuttaket frå 145 % til 235 % av middelvassføringa, og energiutbyttet vil auke frå 20,8 til 23,7 GWh. Fastsett minstevassføring og minste slukeevne for kraftverket vert ikkje endra.

Auka slukeevne i kraftverket vil omtrent halvere tal døgn med overløp ved inntaket, og vassføringa i Nydalselva vil verte ytterlegare redusert i periodar med nedbør eller snøsmelting. Den totale vassutnyttinga vil verte noko høg, litt over nivået som er vanleg for mange småkraftverk som får konsesjon i dag.

Minstevassføringa fastsett i konsesjonen er særleg grunngeve med at elva har verknad for landskapsbiletet. Vidare har periodane med overløp sikra ein viss dynamikk i vassføringa. Denne dynamikken vert no redusert om slukeevna aukar, og endringa vil dermed vere negativt for landskapsopplevinga.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at planendringa vil vere uheldig for landskapsopplevinga. Vi konstaterer også at endringa vil gje eit positivt energiutbytte, og at vassutnyttinga vil verte nær nivået som er vanleg for mange småkraftprosjekt som får konsesjon i dag. Vi vil alt i alt ikkje rå frå at planendringa vert godkjent.

Med helsing

Tom Dybwad
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Jølster kommune